

STATKRAFT ENERGI AS  
Postboks 200 Lilleaker  
0216 OSLO

**Vår dato:** 02.04.2025

**Vår ref.:** 202505770-4 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **NVE gir løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglement for Kvilesteinsvatn i Arnafjordvassdraget i Vik kommune, Vestland fylke**

Vi viser til søknad av 27.02.2025 frå Statkraft Energi AS om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Kvilesteinsvatnet i Arnafjordvassdraget.

### **Om søknaden**

Statkraft søker om løyve til å fråvika manøvreringsreglementet ved Kvilesteinsvatnet i Arnafjordvassdraget, for å gjennomføre planlagt revurdering av dammane i Kvilesteinsvatnet, jf. damtryggleiksforskrifta § 7-5. Revurderinga er i utgangspunktet planlagt i 2026, men på grunn av ein spesielt snøfattig vinter, samt omfattande prosjektaktivitet frå 2027, vurderer Statkraft det som hensiktsmessig å tappe ned magasinet i 2025 i staden for 2026 eller 2027.

Konsesjon for reguleringane i Arnafjordvassdraget blei gitt ved kgl.res. 27.06.1969. Lågaste regulerte vasstand (LRV) i Kvilesteinsvatnet er på kote 895. Det blir søkt om løyve til å senka vasstanden til kote 885, samt å fråvike krav om at tappeluka skal haldast stengt etter «lavvannsperiodens slutt», som er praktisert ved 1. mai. Det blir søkt om løyve til fråvik i perioden 07.04.2025- 20.06.2025.

### **Høyring**

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje blitt kunngjord lokalt. Saka blei send på høyring til Vik kommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Fjellheimen Villreinutval den 04.03.2025. Statsforvaltaren og Fjellheimen Villreinutval har ikkje uttalt seg. Høyringsfråsegnene er tilgjengelege via offentleg postjournal. Saka har NVE-referansenummer 202505770.

**Vik kommune** uttalar i brev av 24.03.2025 (dok# 5):

*Så lenge det er ein plan for hindring av genforstyrning i fiskebestanden som kan oppstå under fråviket, så har ikkje Vik kommune ytterlegare merknadar til søknad om løyve til fråvik frå manøvreringsreglementet for Arnafjordvassdraget – Kvilesteinsvatn.*



**Vestland fylkeskommune** uttalar i brev av 26.03.2025 (dok# 6):

*Vestland fylkeskommune viser til søknad om mellombels fråvik frå manøvreringsreglement for Kvilesteinsvatn i Arnafjordvassdraget i Vik kommune frå 07.04.2025 – 20.06.2025. Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta. Miljømålet for sterkt modifiserte vassførekomstar etter vassforskrifta er godt økologisk potensial innan 2027.*

*Eventuelt fråvik skal skje grunna ei lovpålagt revurdering av dammane i Kvilesteinsvatn, jf. damtryggleiksforskrifta § 7-5. Statkraft vurderer sjølv effektane av å gå under lågaste regulerte vasstand (LRV) som små og mellombelse for fiskebestanden i vatnet.*

*Vestland fylkeskommune har ingen avgjerande merknader til nedtappinga av magasinet, men tek atterhald om at søkjar etterlev sine eigne føringar om å minimere tida med vasstand under LRV og tapping ut av magasinet. Så snart inspeksjon av tappeventil og hovuddam er gjennomført, skal Statkraft stenge tappeventilen for at vasstanden raskast mogleg kjem over LRV att.*

### **NVE si vurdering**

NVE kan gi løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er naudsynt reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.

Tiltaket vil innebere ei mellombels senking av vasstand til kote 885, 10 meter under LRV, for å få gjennomført inspeksjon av hovuddammen og sperredammane i magasinet Kvilesteinsvatn. For å klare å halde vasstanden nede, er det også naudsynt å fråvike kravet om å halde tappeluke i hovuddammen stengd etter «lavvannsperiodens slutt», som er praktisert ved 1. mai. Statkraft ønskjer å gjennomføre den lovpålagte revurderinga av dammane i 2025, i staden for i 2026, som var tidlegare utgangspunkt. Dette er grunngjeve med inneverande års spesielt snøfattige forhold, som gjer det mogleg å forkorte tida der magasinet ligg under LRV, samanlikna med ei gjennomføring etter ein vinter med gjennomsnittlege snømengder. Statkraft opplyser om at alt tilsig til Kvilesteinsvatnet er naturleg tilsig, og det vil difor vere snøsmeltinga og nedbøren som avgjer kor raskt vasstanden kjem over LRV att. For å ha fleksibilitet til å få gjennomført alle naudsynte inspeksjonar søkjer dei om dispensasjon frå manøvreringsreglementet i perioden 07.04.2025-20.06.2025.

Det er kome inn to høyringsfråsegn i saka, frå Vik kommune og Vestland fylkeskommune. Vik kommune skriv at så lenge det er ein plan for å hindre genforstyrning av fiskebestanden, har dei ikkje ytterlegare merknadar til søknaden. Vestland fylkeskommune har ingen avgjerande merknadar, men legg til grunn at Statkraft etterlev sine føringar om å minimere tida med vasstand under LRV og tapping ut av magasinet.

NVE har den 01.04.2025 i telefonsamtale med Vik kommune fått oppklart at ynskje frå kommunen er ein klargjering rundt ansvaret for eventuelle skadar som følgje av tiltaket. I samtalen opplyste kommunen om at aurebestanden i Kvilesteinsvatnet, som er oppretthaldt av eit utsettingspålegg, har anna genetisk opphav enn bestanden nedstrøms



Kvilesteinsvatnet. Vik kommune meiner Statkraft må stå ansvarleg for eventuelle avbøtande tiltak om det visar seg at det sleppes ned så mykje fisk under senkinga av vasstanden i Kvilesteinsvatnet at det kjem til skade for aurepopulasjonen i Gravseta, som ligg i feltet nedstrøms Kvilesteinsvatn. Eit mogleg tiltak kommunen nemnar er utfisking av utsett fisk som har slept seg forbi dammen. Gravseta har ikkje krav om minstevassføring, og i flaumperiodar er det vanleg å stenge/reduere tapping frå Kvilesteinsvatn for å unngå større vassføring mot Arnafjorden. Fylkesmann i Vestland (noverande Statsforvaltaren) gjennomførte ungfiskregistreringar i Gravseta i 2019, og vurderte aurebestanden i Gravseta til å ha dårleg tilstand basert på låg tettleik og ingen eigna gyteområde.

Sjølv om manøvreringa blir gjort på en slik måte at ein unngår større vassføring mot Arnafjorden, har Kvilesteinsvatnet vore senka med open tappeluke utover 1. mai i fleire omgangar i samband med inspeksjon av dammane. NVE vurderer det slik at ei utveksling mellom aurebestandane allereie har skjedd. NVE kan derfor ikkje sjå at ei mellombels utveksling mellom populasjonane vil vere til nemneverdig skade for genetikken til aurepopulasjonen nedstrøms Kvilesteinsvatnet. Eventuelle avbøtande tiltak, som utfisking av utsett fisk, er etter NVE si vurdering ikkje relevant.

Når det gjeld aurepopulasjonen i Kvilesteinsvatnet vil NVE poengtere at Fylkesmann i Vestland (noverande Statsforvaltaren) i 2018/2019 gjennomførte prøvofisking i fleire regulerte vassdrag i Vestland. Resultata er skildra i rapport nr. 2 – 2020, der det for Kvilesteinsvatnet er skrive at *«tidlig kjønnsmodning av hofiskane og det at veksten stagnerer relativt tidleg, indikerer at bestanden kan vere litt tett i høve til næringsgrunnlaget (Ugedal 2005). I 2011 vart pålegget om å sette ut 3000 1-somrig aure i vatnet redusert til 2000 1-somrige aure. Betinginga i kvaliteten og veksten i 2018 er truleg eit resultat av dette. Likevel er det teikn til at dette også kan vere litt mykje [...]»*. Tapping under LRV vil føre til at noko fisk vil sleppe seg ned i vassdraget, men med dette som kunnskapsgrunnlag meiner NVE at tiltaket ikkje vil vere til betydeleg skade for aurepopulasjonen i Kvilesteinsvatnet. Utsettingspålegget vil føre til at bestanden raskt vil ta seg opp att.

Statkraft understrekar at dei vil arbeide for å minimere tida med vasstand under LRV og tapping ut av magasinet. Straks inspeksjon av tappeventil og hovuddam er gjennomført, vil tappeventilen bli stengd, slik at vasstanden raskast mogleg kjem over LRV. Ved å ta slike omsyn kan ikkje NVE sjå at mellombels senking av vasstand under LRV, eller utvida tidsrom med open tappeluke er til skade for nokon kjende allmenne interesser. NVE er einige med Statkrafts vurdering om at effektane av tiltaket vil vere små og mellombelse.

NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldslova som skal varetakast når vedtak blir treffe, jf. naturmangfaldslova §§ 8-12. NVE vil i samanheng med dette påpeike at tiltaket er mellombels og naudsynt av omsyn til lovpålagt tryggleiksrevurdering av dammane, jf. damtryggleiksforskrifta § 7-5. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldslova §§ 4 og 5.



## Konklusjon

**NVE gir løyve til at Statkraft Energi AS kan senke vasstanden i Kvilesteinsvatnet inntil 10 m under LRV, til kote 885, samt halde tappeluka open i perioden 07.04.2025-20.06.2025. Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.**

### Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

- Alle vasstands-/vassføringsendringar skal skje gradvis slik at stranding av fisk blir minimert eller blir unngått så langt det er mogleg.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV. Det skal meldast frå til NVE når tiltaket er gjennomført.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Instrumentering for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samtidig med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje allereie er etablert. Jf. punkt 4.5 i retningslinjer av 20.06.2016 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.
- Ramma partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium. Det blir vidare bede om at kommunen blir kontakta for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene deira.
- NVE føreset at Statkraft har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

### Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om klagetilgang.

Med helsing

Ylva Bencze Rørå  
Fagleiar

Bendik Kjeverud Erdal  
rådgjevar

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*



**Mottakarliste:**

STATKRAFT ENERGI AS

**Kopimottakarliste:**

VIK KOMMUNE

Fjellheimen Villreinutval

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE



## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngeving, kan du be NVE om å få ei grunngeving. Du må be om grunngevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> I tillegg bør du grunnkje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og naudsynte kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: <a href="mailto:nve@nve.no">nve@nve.no</a> . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

*Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*